



Sak nr 22/2012

Møtedato: 20.6.12

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

## Søknad om grind ved brua over Kvitehaugåne

Marit Lome og Kari Hauge søker om å få setja opp ei grind ved brua over Kvitehaugåne. Grunngeving for å ha ei grind her er i hovudsak for å få halde beitedyra i eit avgrensa område ved stølane. Lome driv med mjølkeproduksjon og Hauge har ammekyr. I følgje søkjarane har ikkje storfe frå andre støslag beite ved Kvitehaugen.

Stenging av brua er eit beitereregulerande tiltak. I beitereregulerande tiltak har fjellstyret kompetanse til å gjera vedtak. Etter § 16 i fjellova kan fjellstyret fastsetja reglar om beitebruk: *Fjellstyret fastset nærare reglar om ordninga av beitebruken innan statsallmenningen. Reglane kan mellom anna gå ut på inndeling av beitet i felt, fastsetjing av beitetider og avgrensingar i talet på beitedyr av dei ulike slag innan dei einskilde beitefelt. I reglane skal det seiast frå om det skal vere høve til beiting med lausfe og i tilfelle på kva vilkår. Fjellstyrevedtak etter første stykket kan havast inn for jordskifteretten innan ein frist på 6 månader, jfr. lov 21. desember 1979 om jordskifte o.a. § 33 andre stykket.*

Det omsøkte tiltaket er eit beitereregulerande tiltak som gjer at andre dyr vanskeleg kjem seg inn/ut av det aktuelle området. Søker opplyser at det ikkje er andre storfe som beiter her. Det er ikkje sagt noko om småfe. Ei slik avgrensing kan vera både til fordel og ulempe for andre med beiterett. Ei grind over vegen kan også oppfattast som eit hinder for vanleg ferdsel og fjellstyret meiner dette ikkje er ei god løysing. Eit anna alternativ, er oppføring av ferist som ikkje vil oppfattast ferdselshindrande på same måte. Den beste løysinga er i så måte ei elektrisk ferist. Slik ferist må merkast tydeleg og med grind ved sida av. Denne kan også lett fjernast når det ikkje lengre er behov.

Eit ev. løyve til oppføring av elektrisk ferist må vera eit midlertidig løyve som kan trekkast tilbake om det viser seg å føre til problem for beitedyr eller andre.

## Vedtak:

Fjellstyret avslår søknad om oppføring av grind over Kvitehaugåne, men kan godkjenne midlertidig oppføring av elektrisk ferist om dette ikkje er til ulempe for andre. Om søkjarane fremmar slik søknad, vil fjellstyret leggje søknaden ut til offentleg ettersyn.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 25.6.12

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Marit Lome og Kari Hauge  
Statskog  
Vestre Slidre kommune